

**Heis flagga i dag!**

08.05.2014

**I dag er det Frigjeringsdagen og Den nasjonale veterandagen 8. mai og det er eit omfattande program i Kvinnherad med kransenedleggjing, føredrag og veteransamling. Dette året er det ikkje markering her i Uskedalen, men den vert lagt inn når 8. mai fell på laurdag eller søndag.**

**Likevel er det all grunn til å heisa flagg på denne dagen.**

Oberst Vidar Aabrek, tidlegare bataljonsjef i NORBATT 1, held minnetalen ved Rådhuset og seinare føredrag om veteranar frå 1814 til i dag.

Kransenedleggjinga går føre seg ved kyrkja på Husnes.

Til slutt er det veteransamling på Peppes Pizza

Søndag er det markering i Radioholo.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen